

Klima – spørsmål for vidaregåande

- 1 Kva er klima?
 - Temperatur, nedbør og vind på ein bestemt plass til ei bestemt tid
 - Gjennomsnittleg ver over lengre tid
 - Gjennomsnittleg temperatur målt i atmosfæren over eitt år
- 2 Kva styrer i hovudsak dei naturlege klimaendringane? (Fleire rett)
 - Menneske
 - Kor mykje vegetasjon det er på jordoverflata
 - Geologiske prosessar
 - Endringar i drivhuseffekten
 - Endringar i solinnstrålinga til jorda
- 3 Kven av dei naturlege klimaprosessane kan menneske påverke mest?
 - Geologiske prosessar
 - Drivhuseffekten
 - Solinnstrålinga
- 4 Kva er drivhuseffekten?
 - Varme frå mantelen under jordskorpa som varmar opp jordoverflata
 - Eit naturleg fenomen i atmosfæren som gjer det mogleg å bu på jorda
 - Eit menneskeskapt fenomen som oppsto i byrjinga av 1900-talet
- 5 Gjennomsnittstemperaturen på jorda er i dag ca 15°C. Kor stor effekt har drivhusgassane på temperaturen på jorda?
 - Utan drivhusgassar i atmosfæren ville gjennomsnittstemperaturen ha vore ca -19°C, slik som på månen. Altså er drivhuseffekten på 34°C
 - Utan drivhusgassar i atmosfæren ville gjennomsnittstemperaturen på jorda ha vore så vidt over frysepunktet. Altså er drivhuseffekten på 14-15°C
 - Utan drivhusgassar i atmosfæren ville gjennomsnittstemperaturen på jorda ha vore ca -40°C. Altså er drivhuseffekten på 55°C
- 6 Kva er jorda si einaste viktige energikjelde?
 - Vulkanar
 - Drivhuseffekten
 - Sola
- 7 Når var breane på sitt største på Vestlandet under siste istid?
 - Om lag for 10 000 år sidan
 - Om lag for 20 000 år sidan
 - Om lag for 1 million år sidan

- 8 Frå iskjernar veit ein at CO₂-innhaldet i atmosfæren har variert mellom ca 180 og 300 ppm dei siste 800 000 år. Denne perioden omfattar fleire istider og mellomistider. Kor høgt var CO₂-innhaldet i 2007?
- Ca 180 ppm
 - Ca 300 ppm
 - Ca 380 ppm
- 9 Korleis kan vi løyse klimaproblema? Kom med forslag!
- 10 Kvifor kan vi seie at breen er eit klimaarkiv?
- Den bevarar vegetasjonen under breen som kan gi informasjon om korleis klimaet har vore
 - Tjukkeleiken på isen kan fortelje oss kor kaldt det har vore før i tida
 - Den lagrar data og informasjon om nedbør og luft i isen
- 11 Korleis har klimaet vore etter slutten av istida?
- Det har vore både varmare og kaldare enn i dag
 - Det har vore ei kontinuerleg oppvarming
 - Det har vore som i dag gjennom heile perioden
- 12 Kor mykje vil havnivået stige dersom alle breane i verda smeltar utanom Grønland og Antarktis?
- Om lag ein halv meter
 - Om lag 6 meter
 - Om lag 60 meter
- 13 Kor mykje vil havnivået stige dersom berre isbreane på Grønland smeltar vekk?
- Om lag ein halv meter
 - Om lag 6 meter
 - Om lag 60 meter
- 14 Kor mykje vil havnivået stige dersom berre isbreane på Antarktis smeltar vekk?
- Om lag ein halv meter
 - Om lag 6 meter
 - Om lag 60 meter